

Fra: Kjerstin Kragseth[kjerstinkragseth@gmail.com]
Sendt: 06.08.2023 18:27:33
Til: kjell.kvingedal@statsforvalteren.no;Vestland
fylkeskommune[kjell.kvingedal@statsforvalteren.no;post@vlfk.no]
Kopi: Jomar Ragnhildstveit[Jomar.Ragnhildstveit@vlfk.no];
Tittel: Fylling/anleggsområde i LNF område i Mjelddalen på Osterøy

Hei

Saka gjeld et LNF område i Mjelddalen på Osterøy, der Osterøy Entreprenør i 2011 fekk løyve frå Osterøy kommune til å fylle masser i Statens vegvesen sin eigedom, gnr/bnr 52/41 og eigar av gnr/bnr 52/3 i eit område i svingen nedanfor Træ og Ambogen i Mjelddalen på Osterøy. Saksnummeret i kommunen er 11/203, og 19/526. Saka vart avgjort administrativt i løpet av ti dagar, men entreprenøren hadde starta tiltaket allereie i 2006, i følge flyfoto frå Norge i bilder, <https://norgebilder.no>

Osterøy Entreprenør oppgir i søknaden frå 2011 at det ikkje «foreligger fare eller vesentlig ulempe som følge av andre naturforhold». Ingen vurderte naturmangfaldet og dei sjeldne artane som fanst i Blautemyra, som området heiter. Dette var ein svartorsump med tre som stod i vatn, ein sandete botn kransa med siv, ulike typar gras og blomar, og mykje insekter, artar som ikkje fanst andre stader. Myra er i dag tapt.

Løyvet har som vilkår at det skal fyllast med **reine massar** frå anleggsarbeid. Vitner har dei siste 12 år observert alt anna enn reine massar på området. Her er dumpa grøftekantar, hageavfall, bygningsdelar, asfalt, betongdelar, ein kum og diverse metallskrap. Stein er dei einaste reine massane vi har sett. Sedimenta etter slikt avfall vil sige ned og havne i Mjeldeelva og forurense både denne og Mjeldavatnet. I elva er det ørret, og matfat for fuglar og især hegre.

Svartelista plantar som parkslirekne og kjempebjørnekjeks veks fleire stader på tippet. Dette vert spreidd mellom anna ved kantslått. Vi veit at innbyggjarane i fleire år har vore i kontakt med kommunen per telefon om ureine massar. Osterøy kommune har likevel ikkje ført tilsyn med området.

Når oppfyllinga vart avslutta skulle overflata isåast og nyttast til beite eller slåttemark. Sommaren 2023, 18 år etter at det vart starta dumping på eigedomen, og 12 år etter at søknad vart sendt og løyve gitt, må vi som bur i dalen framleis sjå på eit anleggsområde. Ein liten del er planert og isådd grasfrø, men området kan ikkje brukast på grunn av anleggsverksemda der. I dag vert området i hovudsak nytta til mellomlagring av masser, maskiner og utstyr. Samt sporadiske tilkjøring av ulike typar avfall. Osterøy kommune skal føra tilsyn med at arbeidet vert utført i samsvar med vedtaket, og reglar gitt i eller i medhald av lovverket, men det gjer dei ikkje. Korrespondanse i saka viser at det er entreprenøren som set alle premissene. Alle fristar vert ignorerte.

Dette er basert på ein gjennomgang av arkivmateriale i saka, vitneobservasjonar og foto teke på området.

Med venleg helsing
Mjelddalen forening for kulturmiljø og historie

V/ Kjerstin Kragseth, styreleiar

